



Arkivnr: 2019/173-4
Saksbehandlar: Rune Åland og Bjørg Larsen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		18.06.2019

Investeringsstilskot til idrettsanlegg med regional og nasjonal verdi 2019**Samandrag**

Av Regional Kulturplan for Hordaland (2015-2025) går det fram at Hordaland fylkeskommune støttar utbygging av idrettsanlegg som har regional og nasjonal verdi. Toppidrett har sterke særvidretslege krav til anleggsbygging og utvikling. Det må byggjast store og kostnadskrevjande anlegg med regional og nasjonal verdi for at unge lovande utøvarar og toppidrettsutøvarar skal kunne utvikla seg vidare i fylket, og at Hordaland skal kunne vere vertskap for større internasjonale og nasjonale meisterskap.

Generelt:	
Budsjett 2019:	2 mill.
Søknadsfrist 2019:	1. mai 2019
Vedtaks kriteria:	KIRU 16.05.2017
Kriteria og informasjon om ordninga:	https://www.hordaland.no/nn-NO/idrett-og-friluftsliv/anlegg/investeringsstilskot-til-idrettsanlegg-med-regional-og-nasjonal-verdi/

2019	
Tal på søknadar:	4 søknadar
Samla søknadssum:	10 mill.
Tilrådd til fordeling:	2 mill.

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til forslag til vedtak:

Hordaland fylkeskommune sitt investeringsstilskot skal medverke til at regionen utviklar kostnadskrevjande idrettsanlegg som har regional og nasjonal verdi, der ein kan arrangere nasjonale og internasjonale meisterskap for seniorar. Ordninga med fylkeskommunalt investeringsstilskot har eksistert sidan 1993. Fylkesidrettsanlegg og regionale anlegg som tidlegare har fått fylkeskommunalt investeringsstilskot til idrettsanlegg i Hordaland er samla på vedlagte oversikt.

Vilkår for støtte:

Hordaland fylkeskommune føreset tidleg dialog om utvikling av anlegget. Søknad om investeringsstilskot skal sendast via kommunen og innehalde skildring av anlegget med finansieringsplan og kostnadsoverslag. Anlegget det vert søkt om støtte til, skal vere forankra i ein kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Om anlegget er forankra i ein regional plan, styrkjer dette søknaden. Søknaden skal og innehalde ei vurdering av anlegget sin nasjonale verdi, med uttale frå respektive særforbund. Om det vert søkt om investeringsstilskot til eit anlegg med regional verdi som finst frå før i Hordaland, er det opp til søkjar å skildre

kva som skil anlegget i høve til det/dei som eksistera. Storleik på støtta vert vurdert i høve til godkjend kostnadssum på spelemiddelsøknaden og tilskot frå andre fylkeskommunale støtteordningar.

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling tildeler investeringstilskot til idrettsanlegg med regional og nasjonal verdi 2019 til følgjande anlegg:

Søkar	Søknad	Kommune	Tilråding
Askøy seilforening	Yngling seilbåt	Askøy	Avslag
Stord Hestesportsenter	Stord Hestesportsenter	Stord	400 000
Voss alpin	Bavallen storslalåmløype	Voss	900 000
Bakkenemnda Bavallen	Bavallen hoppanlegg	Voss	700 000
			2 000 000

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 22.05.2019

Oversikt over søknader er vedlagt.